LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Byggmester Nils J Solend AS
Stølen 12
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 03.05.2017 |
| Vår: 17/1209 - 17/12705 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/131 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad.

Mottakskontroll
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.
Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:
1. Vi kan ikkje sjå at søknaden stettar krava i pkt 2.1.2 i reguleringsføresegnene. For område BK2 med konsentrert busetnad gjeld følgjande:

*2.1.2 For område for konsentrert bustader BB1, BB2, BB3, BB4, BB5, BB6, BK1 og BK2 skal det ved søknad om tiltak for kvart av desse felta sendast inn ein utomhusplan i målestokk 1:500 som syner avkøyring, opparbeiding av terreng, eksisterande og framtidig terreng, tilhøve til nabobygg , murar og trappar og illustrasjonar som viser fjernverknad og tilpassing til terreng. Illustrasjonsplan datert 08.04.15 skal vere rettleiande.*

Kommunen ber om at det sendast inn utfyllande teikningsdokumentasjon slik at desse krava vert stetta. Samstundes må avkjørsle teiknast inn i samsvar med retningslinjer for opparbeiding av avkjørsle i kommunen.

2.Utførande føretak kan ikkje oppførast med ansvar for kontroll slik det går fram av gjennomføringsplanen. Kontroll skal utførast av uavhengig føretak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.05.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggmester Nils J Solend AS | Stølen 12 | 5911 | ALVERSUND |